

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøt 998290
MØTETIDSPUNKT: 29.09.2020, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 25/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 26/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
18.06.2020****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 18.06.2020.

Sak 27/20 Administrerende direktør si orientering, pkt. 1-6**Oppsummering**

Administrerende direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande og sluttar seg til at pkt. 7 i administrerende direktør si orientering, oppfølging etter alvorleg hending, blir flytta til lukka del av møtet.

Sak 28/20 Årsplan for styret 2021**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner årsplan for styret 2021, med datoar for styremøter 17.03.2021, 10.06.2021, 30.09.2021 og 09.12.2021.

Sak 29/20 Oppnemning av valstyre for val av tilsette sine representantar**Oppsummering**

I samsvar med forskrift til helseføretakslova blir det gjennom denne saka oppnemnd representantar til valstyret. Sjukehusapoteka Vest har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettigheter i høve til Hovudavtala. Dei har historisk i fellesskap nominert to representantar til valstyret. Arbeidstakars representant vart utnemnt i leiarmøte 22.09.2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre beståande av:

- Linda Baug Tjore (leiar/tilsettere representant meld inn av FF/Parat)
- Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant meld inn av NFF)
- Berit Beate Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR og org. dir)

Valet i Sjukehusapoteka Vest koordinerast med tilsvarende val i Helse Vest.

Sak 30/20 Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har invitert føretaka til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2021-2022). Frist for innspel til tema er 15.11.2020.

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF til føreslår SAV *oppfølging av innkjøpsavtaler på legemiddelområdet og systematisk registrering og avviksoppfølging av legemiddelfeil* som aktuelle revisjonsområder blir tema for revisjon.

Drøfting i møtet:

Styre drøfta arbeidsmetodikk og styret si rolle basert på innspel frå Eivind Hansen. Det vart drøfta ei tydelegare rolle for styret til å peika ut ønska revisjonsområder. I denne konkrete saka er det ønske om at «legemiddelfeil» får ein tydelegare plass i innspelet då dette området representerer stor risiko og mange feil.

Vedtak (samrøystes)

Styreleiar sender ut framlegg til revisjonsområde for gjennomsyn hos styremedlemmane basert på innspel som kom fram i møtet, før oversending til Helse Vest.

Sak 32/20 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

- Brev av 13.08.2020 frå Statens Legemiddelverk om innvilga konsesjon for drift av apotek i Bergen kommune.
- Brev av 13.08.2020 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Helse Vest RHF om rapportering om samarbeid med næringslivet om innovasjon.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 27/20 Administrerende direktør si orientering, pkt. 7**Oppsummering**

Styremedlem (tilsettrepresentant) Gunvald A. Iversen tok opp at han meinte seg ugild til å delta i behandling av denne orienteringa.

Iversen fekk gå frå, og deltok ikkje i handsaming eller drøfting vidare.

Administrerende direktør og fagdirektør orienterte og svarte på spørsmål, og orienterte om tiltak og oppfølging som var sette i verk.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande og ber om at administrasjonen kjem attende med eiga sak om oppfølging og status for dei aktuelle tiltaka.

Sak 30/20 Verksemdsrapport per august 2020**Oppsummering**

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per august 2020 til vitande.

.....

Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.